



__ Berre å ta sats og hoppe idet, seier Torill Bye Wilhelmsen.

Vandresnutt om gründeren i Sætegrenda

– Berre hopp i det, oppfordrar Torill Bye Wilhelmsen. Gründertrenaren utfordrar kreativiteten ved å gå på tur.

ARVE DANIELSEN
arve.danielsen@fjuken.no

Ta på gode sko så går vi ein liten tur, var oppfordringa frå Torill Bye Wilhelmsen da Fjuken avtala intervju med gründertrenaren i Sætegrenda i solhellinga ovafor Vågåmo.

Gå og prate

– Eg kan ikkje hugse sist eg hadde eit «sitjemøte». Heile forretningsideen dreiar seg om å gå for å bli meir kreativ, seier Torill Bye Wilhelmsen der vi legg avstad i motbakkane på vegen til Lundalykkja. Det går ikkje fort, men det er heller ikkje det som er meininga. Walk & talk heiter det på engelsk. Gå og prate fungerer godt på norsk også.

– Er du klar over kor mykje dårlegare hjernen din fungerer når du er inaktiv? spør Torill. Vi fryktar for svaret. Ho viser til ein forskar ved Norges idrettshøgskule når ho forklarar at det ikkje berre er kroppen som sovnar når ein sit, hjernen fungerer også mykje dårlegare.

– Har du opplevd å få gode idear når du går tur? spør Torill. Bättre enn du får når du sit ved datamaskinen og jobbar? Torill fortel om kreative idear som har vorte til på turar med gründerar. Og det er dette det handlar om og som er sett i system gjennom gründertrening.

Kreativ fridom

Torill Bye Wilhelmsen har starta bedrifta Fjellflyt der gründeren i Sætegrenda skal hjelpe andre gründerar opp av startgrova. Eit namn ho fekk ideen til på tur.

– Eg har eit brennande engasjement for gründerar, innovatorar, eldsjeler og leiarar som med si skaparkraft og kunnskap endrar verda. Difor har eg nå starta som gründertrenar for dei som sjølv har lyst til å bli gründer, seier ho.

1. april startar ho opp nettkurset Gründertrening i det å starte og utvikle lønnsame bedrifter. Kurset går over åtte veker.

Torill seier ho nå har fått den kreative fridomen ho lenga etter. Ho har ein mastergrad i økonomi frå universitetet på Ås, og skrev om internasjonal handel som studentstipendiat på Norsk utenrikspolitisk institutt. Torill har tidlegare jobba som journalist, radiopratar, magasinredaktør og prosjektleiar. Ho var fleire år nærings sjef i Lom.

Torill Bye Wilhelmsen har vore gründer før med ei IT-bedrift. Såleis veit ho korleis mange tenkjer nå dei går med planar om å starte noko.

Vandresnuttar

Få personar har gånemøte som fast rutine eller går tur med kollegar for å utvikle nye idear.

– Kvifor skjer ikkje dette oftare, spør Torill. Ho får eit skuldertrekk og spørsmålet i retur.

– Dei fleste har kjent at dei får meir overskot og tenkjer betre når dei er ute og går, anten aleine eller saman med andre, seier ho ivrig.

Torill trur at ein best skapar resultat når ein jobbar med noko ein brenn for.

– Dei fleste har kjent at dei får meir overskot og tenkjer betre når dei er ute og går, anten aleine eller saman med andre



– Eg trur at det å tenkje kreativt når vi går, gjev oss skaparkraft ein kan bruke til å utvikle og realisere idear, seier Torill. I nettkurset Gründertrening får deltakarane lydfilet å lytte til medan dei går tur. Lydfilet har fått det kreative namnet «vandresnuttar».

Torill ynskjer å lage ein liten revolusjon

Ut på tur:
Torill Bye Wilhelmsen kan ikkje hugse sist ho hadde eit sittemøte.

i norsk arbeidsliv.

– Den startar ved å setje idear i rørsle, der du og føtete dine kan bli med, seier ho. Og stoppar.

Forsere motbakkar

Torill Bye Wilhelmsen håpar på god påmelding på nettkurset Gründertrening.

– Om eg gjer ein god jobb er avhengig om bedriftene og dei som blir med, får resultat. Dersom dei får suksess, har kurset også lukkast, seier ho.

– Kva krevst det for å starte ei bedrift eller byrje for seg sjølv?

– Det einaste som krevst er at ein har bestemt seg for å prøve.

– Men ein må ha ein konkret idé?

– Nei, ikkje nødvendigvis. Ein finn ut kva og korleis etter kvart, seier ho. Ein må starte i det små, vegen blir til medan ein går, legg ho til.

Sjølv har også Torill starta i det små, og har brukt lite pengar i starten. Ho har brukt dei tinga ho hadde, og har kjøpt nye ting etter kvart. Ein blogg og heimeside har heile tida vore under utvikling.

– Er det å vere gründer som å gå på glattisen, spør vi der gründertrenaren lurar seg fram på glatta.

– Nei, det kan meir samanliknast med å gå på topptur. Ein må forsere nokre motbakkar for å nå toppen.